

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Kommunestyret	04.02.2015	010/15	TOL

Saksansvarleg Tore Ladstein	Arkiv: K1-232 Objekt:	Arkivsaknr 13/978
---------------------------------------	--	-----------------------------

OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN TIL SKATTEETATEN - HØYRING

Vedlegg:

1. Høringsuttalelse KS – Overføring av skatteoppkrevingen til skatteetaten. Vedtatt KS Hovedstyret 21.01.15

Saksutgreiing:

Finansdepartementet har på høyring forslag om å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen i frå kommunane og til Skatteetaten. Høyringsnotat av 01.12.14 ligg på Regjeringa/no – under Høyringar.

Forslaget om å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten har vore vurdert fleire gonger før, men har anten ikkje vore fremja av regjeringa eller avvist av Stortinget.

Hovudstyret i KS vedtok 21.01.15 høyringsuttale til forslaget (vedlagt). I uttalen åtvarar KS mot å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten – m.a. grunngjeve i omsyn til effektivitet, nærleik, rettstryggleik og kommunal likviditetsstyring.

Høyringsuttalen frå KS er sendt alle kommunane til orientering, og med ynskje om at kommunane engasjerer seg i høyringssaka.

Vurdering:

Rådmannen viser til dei vurderingane som ligg i høyringsuttalen frå KS, og støtter desse. Rådmannen tilrår at Finnøy kommune ikkje støtter forslaget om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten, og at kommunen gir høyringsuttale i tråd med høyringsuttale i frå KS.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Finnøy kommune støtter ikkje forslaget om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten.
2. Finnøy kommune gir høyringsuttale i tråd med høyringsuttale i frå KS.

KS-010/15 VEDTAK 04.02.2015:

Forslaget frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1. Finnøy kommune støtter ikkje forslaget om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten.**
- 2. Finnøy kommune gir høyringsuttale i tråd med høyringsuttale i frå KS.**